



Stryn Næringshage AS
Grandevegen 13

6783 STRYN

Svar - Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016 - Prosjekt: Framtidas Landbruk

Vi viser til dykkar søknad datert 14.04.2016 der Stryn Næringshage AS søker om 150 000 kr i tilskot til prosjektet «Framtidas landbruk». Vi viser også til e-post datert 01.05.2016 frå fylkeskommunen til Knut-Henning Hjellbakk.

Søknaden vart sendt til Fylkesmannen si landbruksavdeling (FMLA) for ei vurdering då delar av søknaden omhandlar arbeidsområde som fell under deira ansvar. FMLA svara at søknaden vart vurdert for tildeling av midlar til utgreiing og tilrettelegging, tidligare kalla BU- midlar. Søknaden kunne ikkje støttast fordi den var for lite næringsretta. FMLA si tilbakemelding var også at søknaden er for omfangsrik og at det vil vere lurt å gjere ei kartlegging av kva prosjekt som er i gang innafor tema «produksjon og etterspørsel» og «merkevarebygging/sal» slik at prosjektet dykkar kan treffe betre. FMLA har fleire prosjekt innafor desse tema.

Prosjektet er godt, men fylkesdirektøren ser likevel ikkje at vi kan støtte søknaden. I tillegg til momenta ovanfor, vert prosjektet finansiert av Stryn kommune med midlar frå kommunalt næringsfond.

Desse midlane er det fylkeskommunen som deler ut, dermed er vi allereie med i prosjektet gjennom desse midlane. Avslaget vert gjort med heimel i administrativt vedtak.

Dersom søkjar vil å gå vidare med prosjektet vil fylkesdirektøren oppmode om at det vert gjort ei kartlegging av pågåande prosjekt i ei innleiande fase i forprosjektet slik at problemstillingane vert konkretisert og kan treffe behovet for undersøking. Sakshandsamar av søknaden dykkar har elles informert om at delar av søknaden kan rettast mot utlysing av tilskot til rekruttering og kompetanseheving.

De har høve til å klage på vårt vedtak innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærare opplysningar om retten til å klage finn du i vedlagte skjema. Meir utfyllande informasjon finn du i Klagehandboka på www.sfj.no. Har du fleire spørsmål om dette kan du kontakte sakshandsamar.

Eventuelle spørsmål knytt til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør for næring og kultur

Ingeborg Lysne Mcevoy
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Klageskjema

MELDING OM RETT TIL Å KLAGE OVER FORVALTNINGSVEDTAK

1	Namnet på forvaltningsorganet/underinstans:	
2	Mottakar/part:	
3	Klageinstans:	
4	Dato for utsendt vedtak:	
5	Adresse for innsending av klage:	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, eller postmottak.sentraladm@sfi.no

Du har rett til å klage over vedtaket.

Du kan klage til klageinstansen, dvs. det organet som er nemnt i rubrikk 3 ovanfor. Men klaga skal fyrst handsamast av underinstansen. Underinstansen er vanlegvis det organet som gjorde vedtaket det vert klaga på (jf. rubrikk 1). Dersom ikkje dette organet endrar vedtaket sitt som følgje av klaga, vil klaga bli sendt vidare til klageinstansen for å bli avgjort der.

Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, ber vi deg oppgje når du fekk denne meldinga.

Dersom klaga blir sendt for seint, kan saka bli avvist. Har du særleg grunn til det, kan du likevel søkje om å få klagefristen forlenga. Du bør då i tilfelle opplyse kvifor klaga er forseinka.

Dersom du ikkje har fått grunngjeving for vedtaket, kan du setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunkt du får grunngjevinga.

I klaga skal du skriva kva for eit vedtak du klagar på, og nemne den eller dei endringane som du ønskjer. Du bør også grunngje kvifor du klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når klaga skal vurderast.

Klaga skal underskrivast av klagaren.

Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. Du kan likevel søkje om å få dette utsett til klagefristen er ute, eller til klaga er avgjort.

Med visse avgrensingar har du rett til å sjå saksdokumenta. Du må i så fall vende deg til det forvaltningsorganet som har sendt deg denne meldinga, jf. rubrikk 1. Der kan du også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis du skal gå fram når du klagar og om reglane for sakshandsaminga elles.